

# Valprogram Vik SV- 2023-2027

## 1 Små skilnader gjev gode samfunn!

Noreg er framleis eit godt land å bu i - for dei fleste.

Men skilnader i inntekter og levekår aukar, og velferdsstaten er truga av nedskjeringar, privatisering og sentralisering. SV meiner at god offentleg tenesteproduksjon best sikrar tryggleik og rettferdig fordeling for brukarane, og forsvarlege arbeidsforhold for dei tilsette.

*Vik SV seier difor nei til privatisering av offentlege tenester!*

## 2 Klima- og miljøval 2023!

Klima- og miljøkrisa er ein trussel mot livsgrunnlaget for menneske, dyr og planter over heile kloden. Klima- og miljøomsyn må liggja i botn for bruk av natur og ressursar i offentleg og privat verksemd. Vik Kommune skal

- setja klare klima- og miljømål for si eiga verksemd og redusere klimautslepp i tråd med nasjonale mål
- jobba for betring av det kollektive transporttilbodet i kommunen

*SV krev handling for å overlevere kloden i god stand til neste generasjon.*

## 3 Vik Kommune og lokaldemokratiet.

Vik SV meiner me som innbyggjarar er best tente med at Vik held fram som eigen kommune for å behalda kort avstand mellom folket og dei som styrer. Småkommunar sine utfordringar kan løysast i samarbeid med andre kommunar, der økonomi og kvalitet på tenester talar for det.

- Vik SV vil arbeida for å gjenoppretta ordninga med hovudutval for helse/omsorg og for oppvekst, for å styrka dei folkevalde si involvering og styring i desse sentrale sektorane.
- Kommunen skal vera den viktigaste støttespelaren for kulturlivet, næringslivet og frivillige lag.
- Kommunen er største arbeidsgjevaren, og skal vera ein viktig motor i lokalsamfunnet!
- Ein velfungerande og slagkraftig kommunal organisasjon er heilt avgjerande for utvikling!

*Difor er det viktig for meg og deg og for bygda si framtid kven som styrer kommunen! SV vil vera ein pådrivar for å **utvikla** Vik kommune!*

## 4 Oppvekst - ein god barndom varer heile livet

Barnehage og skule legg eit viktig grunnlag for eit godt liv, vidare utdanning og aktiv deltaking i samfunn og arbeidsliv. Vik SV vil jobbe for tiltak som gjev kvalitet i barnehage, skule og SFO i heile kommunen. Vik kommune skal

- ha likeverdig tilbod om barnehageplass til alle barn og «løpande» barnehageopptak
- ha som mål å redusere foreldrebetaling i barnehage og SFO på sikt
- arbeida for god samordning av aktivitetar og tilbod retta mot barn og unge i kommunen.
- lytta til ungdommens kommunestyre

- arbeide mot barnefattigdom

*Vik SV vil halda på skule- og barnehagestrukturen vi har i dag. Det er viktig å ha fokus på kva barnehagane og skulane i bygdene betyr for busetting og utvikling.*

## **5 HELSE OG OMSORG**

Vik SV vil at kommunen skal

- ha eit trygt og godt fødetilbod med jordmor lokalt
- ha god og nær tilgang på tilbod og hjelp innan psykisk helse
- styrka heimesjukepleia for å oppretthalde eit godt tilbod i heile kommunen
- få ned vikarbruken i pleie- og omsorg ved å satse på tiltak for å halde på dei tilsette og rekruttere nye (så som ekstra lønn og andre gode), og unngå all uønska deltid
- ha tilstrekkeleg med sjukeheimplassar og god bemanning
- utvikla ein god frivilligsentral og auka kulturtilboda for heimebuande eldre, i omsorgsbustad og på institusjon

*Vik skal vere ein god kommune å bli gamal i!*

## **6 KRAFTTAK MOT FOLKETALSNEGDANG : « VELKOMEN TIL VIK! »**

Vik treng *tilflytting* for å halda oppe folketalet i kommunen, og sikra grunnlaget for arbeidsplassar, tenester og tilbod. Det kjem ikkje av seg sjølv.

Det trengst ei kraftfull og langvarig satsing på eit *tilflyttarprosjekt* - i tråd med gjeldande kommuneplan kap.7.3! Hovudfokus bør vera heimflyttarar og tilflyttarar frå nord- Europa, men busetting og integrering av flyktningar vil vera ein naturleg del av prosjektet

Vik har ikkje råd å la vera!

*Kommunen sitt motto «Velkomen til Vik» forpliktar oss alle!*

## **7 NÆRING OG BYGDEUTVIKLING.**

Hovudstrategi for Vik Kommune sitt arbeid for næringsutvikling skal vera satsing på

- lokalt eigarskap og utvikling av eksisterande bedrifter
- stimuleringstiltak og kontinuerleg arbeid for tilflytting og rekruttering
- landbruket- tradisjonell landbruksdrift, økologisk drift og lokal foredling
- kommunale innkjøp av varer og tenester hjå lokale verksemder - så langt råd er
- Vik kommune som ein god arbeidsgjevar - heiltidsstillingar og likeløn skal stå sentralt
- miljøvenleg reiseliv med vekt på fleire gjestesenger og opplevingar.

Vik kommune skal leggja til rette for å auka talet på utleigehytter og gjestesenger.

*Få gjestar til bords og til sengs- det er det som gjev lokal verdiskaping!*

## **8 KULTUR OG FRITID**

Eit aktivt kulturliv dreg folk til bygda - og får folk til å trivast.

Kommunen må spela på lag med dei frivillige organisasjonane og med næringslivet, og mellom anna arbeida for at

- festivalarrangement i kommunen vert ført vidare og utvikla
- skulane må vera opne kulturhus og møteplassar for lokalsamfunna

*Satsing på kultur er god bygde- og næringsutvikling!*

## **9 SAMFERDSLE**

SV vil arbeida for

- Vikafjellstunnel og rassikring av vegstrekningane langs fjorden
- å behalda Sognebåten og dei lokale båtrotene
- at gang- og sykkelveggar skal prioriterast vidare

*Vik kommune treng trygge, gode klima- og miljøvenlege samband over fjord og fjell!*

**Stem på Vik SV! For dei mange, ikkje for dei få!**